

Utkast

Referat frå styremøte i LLP, 26. august 2016, Arbark

Deltakarar: Tom Oddby, Karin Gjelsten, Petter Høiaas, Anne Overland, Ole Martin Rønning, Elin Østevik. Ellen Røsjø frå Riksarkivet deltok ved behandling av sak 23/2016: Orienteringssaker.

Forfall: Mads Langnes, Inger Lene Nytingnes.

Referent: Elin Østevik

Sak 21/2016: godkjenning av referat, samt oppfølging av saker

Referat frå styremøtet 1. juni vart godkjent. Tom orienterte om oppfølging av følgjande saker:

10/2016: Oppfølging av landsmøtevedtak

Riksarkivaren deltar på LLP sitt styremøte 23. november 2016.

11/2016: Førespurnader til stortingspolitikarar

Tom har sendt e-post til statssekretær Bård Folke-Fredriksen og bedt om eit møte.

Sak 22/16: økonomi og rekneskap

Ole Martin orientere om rekneskapsrapport per 30.06.2016. Rapporten vart godkjent. Det må sendast ut kontingentkrav til medlemne. Dette er avgjerande for at rekneskapen skal gå i balanse. Eventuelle fakturaer som kjem som eFaktura i nettbanken må følgjast opp.

Sak 23/16: orienteringssaker

1) Arendalsuka

Tom deltok 18. og 19. august. Arendalsuka er ein arena LLP bør vere til stades på, og då eventuelt i samarbeid med andre organisasjonar og/eller institusjonar. Tom tek kontakt med Riksarkivet, Norsk Arkivråd og Kulturvernforbundet med tanke på mogleg samarbeid om eit arrangement på Arendalsuka 2017.

2) Diverse møter med politikarar, oppfølging av dokument 8-forslag

Møte med FrP sine representantar i familie- og kulturkomiteen er gjennomført. Møte med KrF sine representantar er avtalt. LLP v/Tom har også bedt om eit møte med statssekretær Bård Folke-Fredriksen. Dokument 8-forslaget vert ikkje behandla før Stortinget samlast til haustsesjon. Organisasjonssjefen på Riksarkivet har teke kontakt med LLP og uttrykt ønske om samkjøring av utspel mot det politiske miljøet.

3) Møte med Kulturvernforbundet

Tom og Ole Martin deltok på møtet med Kulturvernforbundet. Kulturvernforbundet ønsker nærare samarbeid med LLP, og har bedt LLP om hjelp til å arrangere ein konferanse med arkiv som tema for Kulturvernforbundet sine medlemsorganisasjonar. LLP vil hjelpe Kulturvernforbundet med å arrangere konferansen, eventuelt også i samarbeid med Riksarkivet.

4) Saker frå Riksarkivaren v/Ellen

a) Fagdag med Kulturdepartementet: På fagdagen fremja Riksarkivet ønske om meir utviklingsmidlar til arkivsektoren. Riksarkivet er ikkje opptekne av ein øyremerka pott til privatarkivarbeidet, men jobbar for ei generell auke i utviklingsmidlane til sektoren.

b) ASTA og Arkivportalen: Det må mellom anna avklarast kven som har ansvar for vedlikehald og feilretting i Arkivportalen, i og med at deler av funksjonaliteten i Arkivportalen er utvikla av Riksarkivet og andre deler av Stiftelsen Asta. Riksarkivaren skal vurdere sitt forhold til Stiftelsen Asta i løpet av oktober.

c) Evaluering av dei fylkeskoordinerande institusjonane: Evalueringa er gjennomført, og resultatet er at ein ser behovet for å framleis ha fylkeskoordinerande institusjonar og at Riksarkivet bør bidra inn i dette. Riksarkivet inviterer dei fylkeskoordinerande institusjonane for privatarkiv, samt LLP og andre relevante organisasjonar til eit møte 22. september 2016.

5) Stiftelsen Asta og programvaren

Tom orienterte om e-postdialog med Ole Gausdal om eventuell endring i organisasjonsmodellen for Stiftelsen Asta og programvaren ASTA. Det er planlagt eit fellesmøte med Stiftelsen Asta, Riksarkivet og LLP til hausten. Tom og Petter representerer LLP på dette møtet.

6) SAMDOK

Samdok-konferansen 2016 er utsatt til 2017 og blir arrangert 31. januar-1.februar. LLP er invitert til å delta i programkomiteen. Styret kan kome med forslag til kven som skal representere LLP i komiteen. Tom gir beskjed til Karin på Riksarkivet om kven som blir LLP sin representant måndag 29.08.2016.

7) Eventuelle invitasjonar frå Falck, ODA og SLA

Petter tar eventuell invitasjon frå SLA. Karin tar eventuell invitasjon frå Falck. Når det gjeld eventuell invitasjon frå SLA, tek styret stilling til dette når ein eventuell invitasjon kjem.

Sak 24/16: Deltaking i den norske komiteen for Blue Shield

Arikvarforeningen har fram til nyleg vore ICA sin representant i den norske Blue Shield-komiteen (BSN). Dei har no trekt seg frå komiteen, fordi dei meiner at det er feil at dei som fagpolitisk foreining representerer ICA i komiteen. LLP har fått førespurnad frå BSN om å gå inn i komiteen som ny ICA-representant. Arkivarforeningen har også foreslått LLP som ny representant. Styret stilte seg positiv til at LLP går inn i komiteen og valte Ole Martin som LLP sin representant. Tom sender svar til BSN.

Sak 25/16: gjeldande prosessen rundt oppseiinga av organisasjonssekretærstillinga

Etter at Inger Lene fekk oppseiingsbrevet har LLP fått brev frå ein advokat i Bergen der det vert bede om forhandlingar etter Arbeidsmiljølovens paragraf 17-3. Advokaten er ein venn av Inger Lene. Den lokale representanten for Forskerforbundet skulle sende Inger Lene si oppseiing til vurdering sentralt etter drøftingsmøtet tidlegare i år, men Tom har ikkje høyrte noko meir frå Forskerforbundet i denne saka.

Det er avtalt forhandlingsmøte med Inger Lene og advokaten hennar 31. august på Bergen Byarkiv. Anne møter for Tom i forhandlingsmøtet saman med advokat frå KS Bedrift. Anne har formøte med advokaten same dag som forhandlingsmøtet. Som arbeidsgjevar har LLP ein relativt omfattande tilretteleggingsplikt i omorganiseringsprosessen. Tom sender all dokumentasjon han har på kontakten med Inger Lene i sjukemeldingsperioden til advokaten i KS Bedrift med tanke på å kunne dokumentere oppfølging av henne som arbeidstakar i LLP.

Det er ikkje kjent kva Inger Lene vil krevje på forhandlingsmøtet. Styret vedtok at LLP i utgangspunktet ikkje tilbyr Inger Lene økonomisk kompensasjon for oppseiinga, men gir likevel Anne fullmakt til å tilby Inger Lene inntil 3 månadslønner i 60% -stilling i forhandlingane dersom dette løyser situasjonen. Advokaten frå KS Bedrift kostar kr. 10.000,-.

Sak 26/16: oppfølging ifht OU-prosessen

1) Søkarliste og vidare tilsetjingsprosess

Ole Martin sin sambuar Trine Jansen er ein av søkerane, og Ole Martin var difor ikkje tilstades under behandling av denne saka.

Ole Martin har trekt seg frå tilsetjingsprosessen i og med at sambuaren er ein av søkerane. Ranveig Gausdal frå Oslo Byarkiv er difor invitert til å bistå LLP i tilsetjingsprosessen som ekstern representant med leiarerfaring. Det er gjort avtale om intervju 8. og 9. september. Andre datoar kan også vere aktuelle. Intervjua vert gjennomført anten på Oslo Byarkiv eller Arbark. Aktuelle kandidatar til å kome på intervju er Kjær, Klavenes, Jansen og Bolstad, og eventuelt 1-2 søkarar til. Kandidatane er valt ut på bakgrunn av kompetansekrava lista i stillingsutlysinga: 1) Erfaring og kompetanse innafør kommunikasjon; 2) kjennskap til/erfaring frå ABM-sektoren; 3) Utdanningskrav. Målet er å underteikne ein arbeidsavtale innan 1. oktober 2016.

2) Oppfølging av organisasjonssekretæren sine arbeidsoppgåver

Tom fekk 25.08.2016 beskjed om at Inger Lene vert sjukemeldt i to månader til. Det vart diskutert ulike måtar å løyse denne situasjonen på (kjøp av merkantile tenester, tilsetjing av vikar for Inger Lene etc). Styret vedtok å halde fram som no, med fordeling av Inger Lene sine arbeidsoppgåver på styret: Karin tek seg av posten; Petter tek ansvar for LLP si Facebook-side og heimesida; Petter, Tom og Ole Martin får tilgang til LLP sin e-postkonto; Visma vert leigd inn til å ta dei merkantile oppgåvene, inkludert innkrevjing av kontingent frå medlemmane. Tom tek kontakt med Visma med tanke på innkrevjing av medlemskontingenten for 2016. Tom tek også ansvaret for å ferdigstille protokollen frå landsmøtet.

3) Kontorlokalar

Når det gjeld leige av kontorlokalar har Oslo Byarkiv har gitt LLP eit tilbod på kr. 54.000,-, alt inkludert, medan Kulturvernforbundet sitt tilbod var på kr. 65.000,-, eksklusiv LLP sin del av fellesutgiftene. Det vert inngått leigeavtale med Oslo Byarkiv.

4) Nettside, logo m.m. for Arkivforbundet

Petter tar ansvar for kjøp av domenet arkivforbundet.no. Anne tar ansvar for oppretting av e-postkonto knytt til arkivforbundet-domenet. Styret diskuterte kostnader knytt til logo og nettside. Tom sjekkar prisar på logo med grafisk designar. Når det gjeld ny nettside kan det vere ein fordel at den nye generalsekretæren vert involvert i dette arbeidet.